

29.10.2009

Farleg utkjørsel frå Korsnes

Det gror til med brakje og bjørk i kryssen ned til Korsnes.(Foto: Ragnvald Myklebust)

- Eg har erfart kor det gror til i nedkjørselen til Korsnes byggefelt, skriv Ragnvald Myklebust til oss. Han held fram:

- Eg skulle køyra ut i hovudvegen på veg mot Uskedalen og var kommen litt ut i vegbana,då eg til mi store overrasking såg to køyretøy som kom i mot og dei brukte begge køyrebanane.

Det viste seg at det vart teke ein forbikjørsel akkurat da.

Eg opplevde det som ein svært farleg situasjon som kunne ha enda med katastrofe då bilen som kørde forbi hadde svært høg fart,og sneia nesten borti bilen min.

Med denne hendinga friskt i minne har eg studert krysset litt,og kome fram til at det går kanskje an å gjera krysset litt tryggare ved å ta vekk bjørk og brake ovanfor trafoen.

Eg veit ikkje kven som eig arealet der,men håpar ved denne opplysninga at nokon kan fortelja dette.Eg er gjerne med og fjernar dette viss eg får løyve hos rette vedkommande.

Viss dette vert gjort blir kanskje oversikten betre og vi kan vera litt tryggare for skuleborna våre når dei skal til skulen.

Kanskje dette kan vera noko for Korsnes Vel å engasjera seg i.Eg er gjerne med og hjelper til. Håpar å få respons på dette inlegget.

Kanskje andre og
har opplevd farlege situasjoner der.

Ragnvald Myklebust.